



ØKONOMIREGLEMENT

Ålesund kommune

INNHold

Innhold	2
1. KOMMUNENS PLAN- OG ØKONOMISYSTEM	4
1.1 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL OG AREALDEL (12-ÅRS PERSPEKTIV)	4
1.2 HANDLINGS- OG ØKONOMIPLANEN (4-ÅRS PERSPEKTIV)	4
1.3 ÅRSBUDSJETTET	4
1.4 VERKSEMDPLANAR	5
1.4.1 GENERELT	5
1.4.2 ØKONOMISK RAPPORTERING OG TENESTERAPPORTERING	5
1.4.3 TENESTERAPPORTERING	6
2. ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT	6
2.1 GENERELT.....	6
2.1.1 FORMÅL	6
2.1.2 REGELVERK	6
2.1.3 ANSVAR.....	7
2.2 ØKONOMIPLAN.....	7
2.3 ÅRSBUDSJETT.....	8
3. HANDLINGSPLAN.....	8
3.1 FORMÅL	8
3.2 REGELVERK.....	8
3.3 ANSVAR.....	8
4. TIDSPLAN FOR HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN MED ÅRSBUDSJETT	9
5. VERKSEMDPLANAR.....	9
6. OPPSTILLING OG FORDELING	10
7. DISPOSISJONSFULLMAKTER I BUDSJETTSAKER	10
7.1 BRUK AV FULLMAKTENE	10
7.2 ANSVAR.....	10
7.3 VIDAREDELEGERING	11
7.4 KOMMUNESTYRET SIN KOMPETANSE.....	11
7.5 AVGRENSINGAR I FULLMAKTENE	11

7.6 FULLMAKTER TIL FORMANNSKAPET	12
7.7 FULLMAKTER RÅDMANNEN	12
7.8 FULLMAKTER TIL KOMITEANE	13
8. KOMMUNALE FORETAK	13
VEDLEGG:	14



1. KOMMUNENS PLAN- OG ØKONOMISYSTEM

Det kommunale plan- og økonomisystemet inneheld åtte hovudelement:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel (12-års perspektiv)
- Handlings- og økonomiplan (4-års perspektiv, tek vare på kravet om kommuneplanen sin handlingsdel)
- Årsbudsjett
- Verksemdplanar
- Månad- og tertialrapportar
- Årsrekneskap
- Årsmelding
- Nasjonal rapportering

1.1 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL OG AREALDEL (12-ÅRS PERSPEKTIV)

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er dei overordna dokumenta der hovudmål og strategiar vert fastsett. Dokumentet skal vere styrande for kommunen si verksemd dei neste 12 åra.

1.2 HANDLINGS- OG ØKONOMIPLANEN (4-ÅRS PERSPEKTIV)

Kommuneplanen sin handlingsdel, heretter kalla *handlings- og økonomiplanen*, skal rullerast kvar år. Dokumentet har eit 4-årig perspektiv. Handlings- og økonomiplanen vert utarbeidd samstundes med årsbudsjettet og vert handsama i kommunestyret i oktober (avhengig av politisk møteplan) kvart år. Planen viser korleis kommunen skal følgje opp måla i areal- og samfunnsdelen. Her vert dei overordna måla og strategiane konkretisert i form av tiltak med forklaring og økonomiske konsekvensar. Utgifter og inntekter skal gjerast greie for slik at netto økonomisk verknad av tiltaket kjem fram.

1.3 ÅRSBUDSJETTET

Årsbudsjettet er identisk med første året i økonomiplanen. Her vert dei overordna måla og strategiane konkretisert i form av tiltak med forklaring og økonomiske konsekvensar. Utgifter og inntekter skal gjerast greie for slik at netto økonomisk verknad av tiltaket kjem fram. Økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjettet for neste år skal vere vedtatt før årsskiftet.

1.4 VERKSEMDPLANAR

Verksemdplanar skal gjelde for eit år om gangen og vere knytt til oppfølging av årsbudsjettet. Verksemdplanar skal, innanfor ramma av handlings- og økonomiplan og årsbudsjett, konkretisere omfang og kvalitet på tenesteproduksjonen som verksemdene skal levere. Verksemdplanen skal og seie noko om korleis den einskilde verksemda skal arbeide med tiltaka i handlings- og økonomiplanen ut frå dei økonomiske rammene som gjeld i perioden. Verksemdplanen er utgangspunktet for oppfølging og rapportering knytt til tenesteproduksjonen. Ansvar for utarbeiding av slik plan ligg på verksemdleiarane, og rådmannen skal godkjenne han. Rådmannen kan delegere godkjenninga til andre.

1.4.1 GENERELT

Kvar leiar skal også uavhengig av tidspunkt for rapportering av økonomi eller tenesteproduksjon, melde frå dersom ein vert klar over tilhøve som kan føre til budsjettavvik eller at verksemdplanen ikkje kan gjennomførast. Kommunen er pålagt å gi løpande informasjon om ressursbruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem per 15. februar kvart år, jf. Kommunelova § 16.1 og kvartalsvis jf. forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar. Kommunestyret er pålagt å handsame årsrekneskapen og årsmeldinga seinast 30. juni neste år. Rådmannen skal utarbeide årsmelding i samsvar med kommunelova § 14.7.

1.4.2 ØKONOMISK RAPPORTERING OG TENESTERAPPORTERING

Årsrutine for framlegging av budsjettkontrollar og tenesterapportering:

Handsaming av budsjettkontrollar og tenesterapportering. Desember vert tatt med i handsaminga av årsmeldinga.						
Månad/ ansvarleg	Budsjettkontrollar					Teneste- rapportering
	Verksemd- leiarar/ stabs- leiarar	Kommunal- sjefar	Rådmannen	Formannskapet	Kommunestyre	
Januar	X	X	X			
Februar	X	X	X	X		
Mars	X	X	X			
April	X	X	X	X	X	X
Mai	X	X	X			
Juni	X	X	X			
Juli	X	X	X			
August	X	X	X	X	X	X
September	X	X	X			
Oktober	X	X	X	X		
November	X	X	X			
Desember (årsmelding)	X	X	X	X	X	X

Driftsbudsjettet

I løpet av året skal verksemdene og stabane rapportere til rådmannen om den økonomiske stoda kvar måned. For desember blir denne rapporteringa i samband med årsavslutning og årsmelding.

Rådmannen skal rapportere til formannskapet om den økonomiske stoda annan kvar måned med unntak av juni. Kvart tertial skal den økonomiske situasjonen leggast fram for kommunestyret.

Investeringsbudsjettet.

I tertialrapporteringane og årsrapporten skal ein og rapportere om framdrift og økonomisk status for investeringar. Ved investeringsprosjekt større enn 15 mill. kroner skal ein legge fram prosjektrekneskap til kommunestyret for godkjenning. Prosjektrekneskap for investeringsprosjekt over 100 mill. kroner skal i tillegg attesterast av revisor.

1.4.3 TENESTERAPPORTERING

I løpet av året skal verksemdene og stabane rapportere til rådmannen om tenesteproduksjonen kvart tertial. Siste kvartal blir denne rapporteringa i samband med årsmeldinga. Rapport om tenesteproduksjonen skal leggast fram for formannskapet og kommunestyret. Saksdokumentet vert å sende til komiteane før handsaminga i formannskapet. Tenesterapporteringa skal vere i høve til gjeldande verksemdplan.

2. ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT

2.1 GENERELT

2.1.1 FORMÅL

Formålet med utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett er å realisere mål fastsatt i kommuneplanen, innpasse nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Budsjettarbeidet vil også avdekke kommunen sin bruk av ressursar og tilgang på ressursar og gi informasjon om verknadene av fortsatt drift på dagens nivå.

2.1.2 REGELVERK

Ny kommunelov som trer i kraft 01.01.2020 seier følgjande:

«§ 14-2.Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) Regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*

e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).»

I samsvar med kommuneloven § 14-3 skal kommunestyret ein gang i året vedta ein rullerande økonomiplan. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd og gi ei realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Økonomiplanen skal ligge til grunn ved kommunens budsjettarbeid og øvrige verksemd. Planar for avgrensa delar av kommunen si verksemd skal integrerast i økonomiplanlegginga, og bruken av midlar skal synleggjerast i økonomiplanen, jf. Kommuneloven § 14-4.

I samsvar med kommunelovens § 14-5 er årsbudsjett ein bindande plan for kommunens eller fylkeskommunens midlar og bruken av desse i budsjettåret. Årsbudsjettet skal på same måte som økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, og vere basert på realistiske føresetnader. Det skal vere balanse mellom inntekter og utgifter i både økonomiplan og årsbudsjett. I samsvar med kommunelova § 14-5 skal budsjettet endrast dersom det i løpet av budsjettåret vert kjent noko som kan få betydning for inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på. Lova seier at rådmannen skal gi melding om dette til kommunestyret. Kommunestyret skal vedta endringar i budsjettet når det også på annan måte vert kjent med tilhøve som kan bety vesentlig svikt i inntektene eller ei vesentleg auke i utgiftene i høve til budsjettet.

2.1.3 ANSVAR

Rådmannen utarbeider forslag til ein fullstendig økonomiplan og årsbudsjett i balanse som inneheld eventuelle nye og/eller reduserte tiltak, samt prioriteringsliste. Formannskapet legg innstilling fram for kommunestyret i økonomiplan- og årsbudsjettsaker.

2.2 ØKONOMIPLAN

Ålesund kommunestyre vedtek økonomiplan i samsvar med tidsplanen pkt. 2.4.

ØKONOMIPLANEN skal

- gjelde for fire år.
- vere i balanse og realistisk.
- vise handlingsrom og angi hovudtrekk i kommunen sine prioriteringar i perioden.
- danne grunnlag for årsbudsjett og verksemdplanar.
- vere samordna med prioriteringane i handlingsplanen slik at økonomiplanen og handlingsplanen utgjer eit samla dokument.
- følge opp og vidareføre satsingsområder som er bestemt i kommuneplanen og sentrale vedtak.

Økonomiplanen skal innehalde kommentarar til løyvingane i form av mål og premisser på dei områda dette er nødvendig. Det må vere tydeleg kva ein vil oppnå med løyvinga. Komiteane og utvala skal uttale seg før formannskapet og kommunestyret handsamar saka. Kommunestyret gjer vedtak om netto ramme pr. verksemdsområde dersom ikkje anna er bestemt.

2.3 ÅRSBUDSJETT

Årsbudsjettet blir handsama saman med økonomiplanen i samsvar med tidsplanen pkt. 2.4.
ÅRSBUDSJETTET skal

- konkretisere første året i økonomiplanen og gjelde for eit år.
- bygge på prioriteringar i økonomiplan og handlingsplan.
- vere bevilgningsdokument, dvs. at vedtatt budsjett viser kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunen sine verksemdar det komande året.
- Utvala gir uttale før formannskap og kommunestyre handsamar saka. Kommunestyret gjer vedtak om netto ramme pr. verksemdsområde.

3. HANDLINGSPLAN

3.1 FORMÅL

Handlingsplanen viser korleis kommunen skal følge opp Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Her skal ein lage konkrete tiltak ut frå dei vedtekne måla og strategiane. Handlingsplanen skal ein rullere kvar år samstundes med kommunen sin budsjett- og økonomiplan og gjeld for same fireårsperiode.

3.2 REGELVERK

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1 skal kommuneplanen ha ein handlingsdel som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra. Ved den årlege rulleringa av handlingsdelen skal kommunen etter plan- og bygningslova § 11-4 be om synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsplanen. Framlegg til vedtak skal leggast ut til offentleg ettersyn i minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret.

3.3 ANSVAR

Ansvar for utarbeiding av forslag til handlingsplanen ligg hos rådmannen. Utvala får saka til uttale og formannskapet har ansvaret for å utarbeide innstilling til kommunestyret.

4. TIDSPLAN FOR HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN MED ÅRSBUDSJETT

Rådmannen sender ut budsjetttrundskriv for utarbeidelse av økonomiplan og årsbudsjett. Rundskrivet er tilpassa den politiske møtekalenderen og fristane i budsjettreglementet.

TIDSPLAN FOR ARBEIDET:

- Rundskriv frå rådmannen medio mars.
- Frist verksemd/stabsteam medio april.
- Sak til formannskapet om budsjetttrammer for neste år og utfordringsbiletet medio juni.
- Administrativ utarbeidelse frå april til august.
- Rådmannen informerer om sitt framlegg til økonomiplan/handlingsplan/årsbudsjett medio september.
- Komiteane og utvala gir uttale før formannskapet si handsaming.
- Formannskapet handsamar dokumentet ultimo september.
- Formannskapet sitt innstilling leggas ut til offentlig ettersyn i samsvar med regelverket.
- Kommunestyret handsamar årsbudsjett/økonomiplan/handlingsplan rundt månadsskiftet oktober/november.

5. VERKSEMDPLANAR

VERKSEMDPLANEN skal

- konkretisere årsbudsjettet og gjelde for eit år.
- bygge på prioriteringar i handlings- og økonomiplanen.
- vise økonomiske rammer for verksemdene si drift.
- vere eit styringsdokument, dvs. at verksemdplanen seier kva kvalitet og omfang på den tenesteproduksjonen som kvar ein skilde verksemd har ansvaret for, og kva resultat ein ventar at verksemda skal oppnå.

Rådmannen får mynde til å godkjenne verksemdplanane og fristen for dette er 15. januar i første budsjettåret i den vedtekte økonomiplanen/handlingsplanen. Rådmannen kan delegere denne godkjenninga til andre.

6. OPPSTILLING OG FORDELING

- Kommunestyret skal vedta budsjettet etter obligatorisk oppstilling slik det går fram av budsjettskjema 1A.
- Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på verksemdgrupper som nettosummar slik det går fram av budsjettskjema 1B.
- Kommunestyret skal vedta investeringsbudsjettet etter obligatorisk oppstilling slik det går fram av budsjettskjema 2A.
- Kommunestyret skal vedta investeringsbudsjettet på verksemdgrupper og vise brutto sum per investeringstiltak i samsvar med budsjettskjema 2B. Finansieringsmåte for investeringane skal gå fram av skjemaet. Finansiering av investeringar på sjølvkostområder skal spesifiserast.

7. DISPOSISJONSFULLMAKTER I BUDSJETTSAKER

7.1 BRUK AV FULLMAKTENE

Prosedyre for disposisjonsfullmakter i budsjettsaker skal nyttast når

- kommunestyret sine vedtekne nettorammer for verksemdsområda i årsbudsjettet skal fordelast.
- når ein gjer budsjetteringar i løpet av året av budsjettåret.

7.2 ANSVAR

Sitat frå ny kommunelov:

«§ 14-5.Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnete organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.»

Kommunestyret og formannskapet har ansvar for å vedta budsjett og budsjettendringar innanfor ramma av dette reglementet. Rådmannen har ansvar i høve til kommunestyret og formannskapet for at budsjettreglementet vert gjennomført i organisasjonen. Verksemdsleiarane og stabsleiarar har tilsvarande ansvar i høve til rådmannen for at reglementet vert gjennomført i eiga verksemd.

7.3 VIDAREDELEGERING

Eit politisk oppnemnt organ som har fått delegert budsjettmyndet kan ikkje vidaredelegere myndet utan at dette går klart fram av fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen kan etter desse fullmaktene vidaredelegere det budsjettmyndet han/ho har fått til andre i administrasjonen.

7.4 KOMMUNESTYRET SIN KOMPETANSE

Kommunestyret skal fatte vedtak i årsbudsjettsaka i samsvar med kommunelova § 14 2.-5. og budsjettforskrifta § 4. Kommunestyret sjølv skal vedta budsjettendringar på same detaljeringsnivå som årsbudsjettet er vedtatt på.

DRIFTSBUDSJETT:

Kommunestyret sjølv skal vedta eit budsjett som er i samsvar til budsjettskjemaene 1A og 1B. Netto løyving pr. verksemdsområde skal gå fram av vedtaket. Kommunestyret sjølv må gjere endringar i dei komponentane som høyrer til under budsjettskjema 1A og område 90 i budsjettskjema 1B.

INVESTERINGSBUDSJETT:

Kommunestyret sjølv skal vedta investeringsbudsjettet si inntektsside i samsvar med budsjettskjema 2A. Kommunestyret skal sjølv vedta investeringsprosjekt i skjema 2B, der brutto løyving for dei einskilde investeringsprosjekta skal stillast opp. Kommunestyret sjølv må vedta endringar i dei komponentane som høyrer til under budsjettskjema 2A og 2B. Kvart år skal det leggjast fram ei sak for kommunestyret om rebudsjettering av investeringsbudsjett for gjeldande år. Denne saka skal leggjast fram etter at rekneskapen for forrige år er revidert.

7.5 AVGRENSINGAR I FULLMAKTENE

Fullmaktene etter dette reglement gjeld ikkje

- tiltak som fører til at kommunen får auka økonomiske plikter som er høgare enn økonomiplanen sine rammer.

- tiltak som strir mot dei måla, premissane og prioriteringane som ligg til grunn for kommunestyret sine vedtak i budsjettsamanheng og andre saker.

7.6 FULLMAKTER TIL FORMANNSKAPET

Med dei avgrensingane som følgjer av reglane ovanfor og budsjettforskriftene, gjeld følgjande fullmakter:

- Formannskapet får fullmakt til å fordele kommunestyret si vedtekne nettoramme pr. verksemdsområde på dei ulike verksemdene. Fordelinga skjer som netto ramme pr. verksemd. Formannskapet får fullmakt til å foreta budsjetteringar mellom verksemdar. Føresetnaden er at nettoramma for verksemdsområdet ikkje vert overskriden. Fullmakta gjeld både for drifts- og investeringsbudsjettet. Fullmakta vedkomande driftsbudsjettet kan delegerast til rådmannen.
- Formannskapet får fullmakt til å disponere meirinntekter utover 5 mill. kroner på det einsskilde verksemdsområdet med unntak av dei meirinntektene som kommunestyret sjølv disponerer.
- Dersom det ikkje er mogeleg med omdisponering innanfor det einsskilde verksemdsområdet, må det leggjast fram sak om budsjettendring til kommunestyret.

7.7 FULLMAKTER RÅDMANNEN

- Rådmannen får fullmakt til å fordele netto driftsramme pr. ansvar på dei einsskilde utgifts- og inntektsarter og tenester og innanfor same verksemda.
- Rådmannen får fullmakt til å prisjustere budsjettet etter kommunestyret har gjort vedtak fordi budsjettet blir utarbeidd før kommunal deflator i statsbudsjettet er klar.
- Rådmannen får fullmakt til å fordele og omfordele løyvingane innanfor dei einsskilde utgifts- og inntektsartane, tenester og prosjekt innanfor og mellom stabsteama.
- Rådmannen får fullmakt til å disponere meir inntekter på inntil 5 mill. kroner på det einsskilde verksemdsområdet. Meirinntekter ut over dette kan formannskapet disponere med unntak av dei meirinntektene som kommunestyret sjølv disponerer. Rådmannen får fullmakt til å disponere øyremarka meirinntekter til ressurskrevjande tenester og i denne samanhengen endre nettoramma til verksemdsområde og verksemdar.
- Rådmannen får mynde til å vedta budsjettjusteringar, slik som budsjettjusteringar mellom verksemdene innanfor eit verksemdsområde dersom dette ikkje er av prinsipiell tyding. Nettoramma på driftsbudsjettet kan og endrast som følge av rekneskapstekniske føringar mellom drifts- og investeringsrekneskapskapen i samsvar til den til kvar tid gjeldande rekneskapslovgiving. Det er ein føresetnad at endringar ikkje er i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak, og at endringane ikkje er av vesentlig betyding. Bakgrunn/årsak til budsjettendringar som endrar verksemdene sine netto rammer etter denne fullmakta skal dokumenterast i kommunen sitt sak/arkivsystem.

7.8 FULLMAKTER TIL KOMITEANE

Fullmaktene til komiteane blir oppdaterte i revidert utgåve av dette i reglementet.

8. KOMMUNALE FORETAK

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 27. juni 2019 regulerer også tilhøve rund budsjett og rekneskap i kommunale foretak.

VEDLEGG:

Budsjettskjema 1A	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgningsoversikt drift	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Rammetilskudd						
Inntekts- og formuesskatt						
Eiendomsskatt						
Andre generelle driftsinntekter						
Sum generelle driftsinntekter						
Sum generelle midler bevilget til drift						
Avskrivninger						
Sum netto driftsutgifter						
Brutto driftsresultat						
Renteinntekter						
Utbytter						
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler						
Renteutgifter						
Avdrag på lån						
Netto finansutgifter						
Motpost avskrivninger						
Netto driftsresultat						
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet						
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat						
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)						

Budsjettskjema 1B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgninger drift	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Rådmannens staber						
Helse og omsorg						
Velferd og sysselsetting						
Opplæring						
Barn, familie og integrering						
Kultur og medborgerskap						
Miljø, by- og stadsutvikling						
Frie inntekter, finans mm						
Ukjente ansvar						
Midlertidig ansvar						
Sum bevilgninger drift, netto						
Herav:						
Avskrivninger						
Netto rente						
Avdrag på lån						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Korrigert sum bevilgninger drift, netto						

Budsjettskjema 2A	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Økonomisk oversikt investering	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Avdrag på lån						
Investeringer i varige driftsmidler						
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper						
Utlån av egne midler						
Avdrag på lån						
Netto utgifter videreutlån						
Kompensasjon for merverdiavgift						
Tilskudd fra andre						
Salg av varige driftsmidler						
Salg av finansielle anleggsmidler						
Mottatte avdrag på utlån av egne midler						
Bruk av lån						
Sum investeringsinntekter						
Overføring fra drift						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond						
Dekning av tidligere års udekket beløp						
Sum overføring fra drift og netto avsetninger						
Fremført til inndeckning i senere år (udekket)						

Budsjettskjema 2B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Bevilgningsoversikt investering	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Rådmannens staber						
Helse og omsorg						
Opplæring						
Kultur og medborgerskap						
Tekniske tjenester						
Sum 2B						

(Merknad til 2 B Dette må bli meir detaljert og må omarbeidast. Opplysningane går likevel fram av rådmannen sitt budsjettdokument)

Budsjettskjema B3	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Økonomisk oversikt drift	ÅR -2	ÅR -1	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	ÅR 4
Rammetilskudd						
Inntekts- og formuesskatt						
Eiendomsskatt						
Andre overføringer og tilskudd fra staten						
Overføringer og tilskudd fra andre						
Brukerbetalinger						
Salgs- og leieinntekter						
Sum driftsinntekter						
Lønnsutgifter						
Sosiale utgifter						
Kjøp av varer og tjenester						
Overføringer og tilskudd til andre						
Avskrivninger						
Sum driftsutgifter						
Brutto driftsresultat						
Renteinntekter						
Utbytter						
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler						
Renteutgifter						
Avdrag på lån						
Netto finansutgifter						
Motpost avskrivninger						
Netto driftsresultat						
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering						
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond						
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond						
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet						
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat						
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)						